

BERGEN KOMMUNE  
Postboks 7700  
5020 BERGENDato: 21.03.2017  
Vår ref.: 2014/24011-29  
Saksbehandlar: oysskar  
Dykkar ref.:201423440

## **Endeleg fråsegn automatisk freda kulturminne - Bybanen til Fyllingsdalen - delstrekning 1 - Nonneseter - Kronstad - Bergen kommune – løyve til inngrep i ID 224929**

Vi viser til vårt mellombels fråsegn datert 25.01.2017 i høve Bybanen, delstrekning 1, Nonneseter-Kronstad og konflikt med automatisk freda kulturminne ID 224929.

Hordaland fylkeskommune utforma søknad om løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminnet, og sendte søknad til Riksantikvaren i brev datert 17.02.2017. Riksantikvaren har no fatta vedtak i saka. Riksantikvaren sitt vedtak og kart er lagt ved vårt brev.

Riksantikvaren legg vekt på at tiltaket som råker det automatisk freda kulturminnet er ment å sikre ein god, pålitelig og miljøvennleg kollektivtransport i Bergen. Dei har difor fatta vedtak om løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminnet ID 224929 med vilkår om at det utførast ei arkeologisk utgraving av det råka kulturminneområdet før tiltak etter planen realiserast, jf. vedlagd kart stempla av Riksantikvaren og datert 09.03.17. Riksantikvaren gjer merksam på at arkeologiske utgravingar normalt berre let seg gjennomføre i sumarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i sin planlegging. Dei gjer og merksam på at arkeologiske utgravingar må dekkast av tiltakshavar jf. kulturminnelova § 10.

Tiltakshavar må varsle Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltak etter reguleringsplanen ønskes realisert slik at Riksantikvaren kan fatte vedtak om endeleg omfang/kostnad av den arkeologiske utgravinga. I følge Universitetsmuseet i Bergen sitt forslag til budsjett er utgravinga anslått å koste inntil kr. 2 390 000 (2017-kroner og satsar). Riksantikvaren vil vurdere forslag til prosjektplan og arbeidsomfang med kostnader før endeleg vedtak etter § 10 fattast.

Riksantikvaren ber om at følgjande tekst vert innarbeid i reguleringsplanen sine fellesføresegner:

«Før iverksetting av tiltak i medhold av planen i området øst for Fløenbakken/vest for Alrekstad skole, skal det foretas arkeologisk utgraving av det berørte automatisk fredete kulturminneområdet id 224929, markert som bestemmelsesområde #6 i plankart.

Det skal tas kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomføres slik at omfanget av den arkeologiske granskingen kan fastsettes»

Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket forutset at nemnde tekst vert innarbeidd i reguleringsføresegna.

Med helsing

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Øystein Skår  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Løyve til inngrep\_Riksantikvaren
- 2 Løyve til inngrep\_stempla kart